

# Styreleder GeoBergen [styreleder@geobergen.no]

Handlinger

**Til:**

Lena Bosvik Ask; Astrid Larsen; 'Else-Berit Helle' [elseb47@gmail.com]; 'Lars Mæland' [lars@sunnhordland.no]; 'Lars Mæland' [lars.maeland@gmail.com]; 'Sjur Frida' [sjurole@gmail.com]; karina.stokke.maehle@kvaerner.com; Vatnabs@online.no; Lena.forland@gmail.com; ehjella@gmail.com; henrik.ottesen@sklbb.no; annekva@gmail.com; tannkrem@yahoo.com; Tove Vikanes Agdestein; Elisabeth Bryant

**Kopi:**

styret@gch.no; styret@geobergen.no

Innboks

18. juni 2015 12:50

Hei!

Sundag den 7. juni 2015 vart Geocaching Haugalandet og GeoBergen inviterte til å delta med kurs og stand på Friluftsfestivalen på Litlabø. Me stilte opp med representantar frå begge foreiningar, 5 i talet. I om lag ein halv time frå klokka 10 heldt me eit foredrag om geocaching på samfunnshuset, kor me gjekk gjennom litt historie og generell info om geocaching. Oppmøtet var betre enn me frykta - klokka 10 på ein sundags morgon er kanskje i tidlegaste laget for nokre. Men det kom mellom 20 og 30 for å høyre på oss, noko me er svært nøgde med. Me set stor pris på at de òg stilte projektor til rådighet.

Etter dette etablerte me oss på det de omtalar som "Grøntanlegget", og var klare med stand i telt til opninga klokka 11. Me vart tekne godt hånd om av "naboane" våre i teltet, som delte ut betasuppe. Sjølv om det for det meiste var opphaldsvêr, heldt ikkje regnet seg borte heile tida, så teltet viste seg naudsynt. Når det gjeld sjølve geocachingen, så hadde me førebudd oss ved å leggje ut det me kallar "demoboksar" i Grøntanlegget. Av dei som kom til oss på standen, var det mange som vart tekne med på ein runde for å finne desse demoboksane. Nokre syntes det var så kjekt at dei ville gå fleire runder og finne dei same tre boksane fleire gonger ...

Me hadde godt med besøk på standen, og synes me fekk informert alle som ønska å få vite meir, godt. Me avdekkja også visse hol i vår eiga kunnskap, mellom anna om Geocaching-appen til iPhone, noko me no skal gjere noko med.

Alt i alt var Friluftsfestivalen på Litlabø ei flott oppleving for oss - me følte oss velkomne og vart svært godt mottekne av dykk som stod bak arrangementet. Me kjem meir enn gjerne attende ein annan gong - det vere seg ved ein framtidig friluftsfestival (kanskje dette vert ein årleg tradisjon?) eller andre arrangement der geocaching kan passe inn.

På vegner av Geocaching Haugalandet og GeoBergen

Beate Kaurstad  
Styremedlem  
Geocaching Haugalandet

og

Lars Christian Schreiner  
Styreleder  
GeoBergen